

Arkiv: <arkivID><jplD>
PlanID-1263201407,
Plannavn-1263-
201407, Komnr-4631,
FA-L13

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
082/23	Utval for areal, plan og miljø	07.06.2023
076/23	Alver kommunestyre	22.06.2023

Klage på endra reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen, frå Vestland fylkeskommune på vedtak av Alver kommunestyre (KO) om endra detaljreguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad med saknr. 007/23, datert 23.02.2023, vert teke til følgje.

Nytt vedtak i saka får likelydande ordlyd som vedtak av Alver kommunestyre (KO) med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, og lyder:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 12 – 12.

Utval for areal, plan og miljø 07.06.2023:

Handsaming:

Framlegg frå Kenneth Murberg-H:

Utval for areal plan og miljø ønsker å oppretthalde opprinneleg vedtak.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 082/23 Vedtak:

Innstilling i APM 07.06.2023:

Utval for areal plan og miljø ønsker å oppretthalde opprinneleg vedtak.

Alver kommunestyre 22.06.2023:

Handsaming:

Laila Bjørg og Maya Greve stilte spørsmålomhabilitet då dei har delteke isakshandsaminga av saka.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtek om at dei er inhabile i denne saka.

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 076/23 Vedtak:

Kommunestyret opprettheld opprinneleg vedtak.

SAKSUTGREIING

Saka gjeld klage frå Vestland fylkeskommune (Vlfk) v/Infrastruktur og veg (INV) på vedtak av Alver kommunestyre (KO) om endra detaljreguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad med saknr. 007/23, datert 23.02.2023.

Det er mottatt følgjande merknad/uttale til klagen frå Vestland fylkeskommune (Vlfk):

1. Merknad frå Statsforvaltaren i Vestland til planendringa. Dette er ikkje ein klage.
2. Merknad frå grunneigar Olav Kåre Tykhelle representert av advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1.
3. Uttale til klage frå grunneigarar Liv Marit og Øyvind Hope - gbnr 126/7.

Planområdet er på om lag 999 daa og strekk seg langs den 10 km lange strekninga av fylkesveg 57 mellom Lindås tettstad i sør og Mongstad i nord (kryssar kommunegrensa mellom Alver og Austrheim).

Vedtaket frå Alver kommunestyre (KO) av 23.02.2023 har følgjande ordlyd:

KO- 007/23 Vedtak:

Følgjande klager i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert tekne delvis til følgje.

1. Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/ 1. Klagen vert delvis teken til følgje ved at det vert lagt inn eit føresegningsområde (bestemmelsesområde) på plankartet med teikningsutsnitt 003, vist på figur nedunder:



I føresegnene i eige punkt til dette føresegningsområdet skal det stå:

Innanfor føresegningsområde (ved gnr 118 bnr 1 m.fl.) skal det i samband med utarbeiding av byggjeplan leggast vekt på følgjande:

Optimalisering av landbruksvegar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen. “det blir gjort en endring i reguleringsplanen og lagt til rette for trygg passasje for landbruk og mjuke trafikanter av fylkesveien ved gnr. 118, bnr. 1, ved hjelp av undergang eller overgang.

Tilkomstveg til naboeigedomen gnr 118 bnr 2 og 11 må leggast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr 118 bnr 1 må rivast.

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 . Klagen vert teken til følgje ved at reguleringsplanen ikkje går lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet.

Kommunestyret sender saka tilbake til administrasjonen for innarbeiding av planendringane i medhald av at dei to klagane er delvis tekne til følgje, jf. punkta ovanfor.

Dei andre klagene frå følgjande personar vert ikkje tekne til følgje:

3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79


4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3

5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Grunngjevinga knytt til dei andre tre klagene går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.»

Tidslinje – planvedtak og klage



Saksgang – PMU/APM og KO

For oversikt, sjå vedlegg med tittelen «Sakshistorikk, føremål og tidlegare vurdering».

Klage

Kommunen har mottatt klage frå Vestland fylkeskommune (Vlfk) v/Infrastruktur og veg (INV) på vedtak av Alver kommunestyre (KO) om endra detaljreguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad med saknr. 007/23, datert 23.02.2023.

Det er mottatt følgjande merknad/uttale til klagen frå Vestland fylkeskommune (Vlfk):

1. Merknad frå Statsforvaltaren i Vestland til planendringa, datert 18.04.2023. Dette er ikkje ein klage.
2. Merknad frå grunneigar Olav Kåre Tykhelle representert av advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1, datert 15.05.2023.
3. Uttale til klage frå grunneigarar Liv Marit og Øyvind Hope - gbnr 126/7, datert 15.05.2023 og mottatt 16.05.2023.

Klagerett og klagefrist

Merknad frå Statsforvaltaren i Vestland til planendringa, datert 18.04.2023, er rettidig mottatt.

Vestland fylkeskommune (Vlfk) har klagerett som sektorstyresmakt.

Vedtaka fatta av Alver kommunestyre den 23.02.2023, er sendt ut den 28.03.2023 og saksdokumenta er stadfesta mottatt av fylkeskommunen den 03.04.2023 med 3 veker klagefrist innan 24.04.2023. Etter førespurnad frå fylkeskommunen vart det gjeve utsatt frist innan 31.05.2023. Klagen frå fylkeskommunen er datert 02.05.2023 og er rettidig mottatt (innan rett tid).

Partane i saka er gjeve frist innan 16.05.2023 til å kome med uttale til klagen frå fylkeskommunen. Merknad frå grunneigar Olav Kåre Tykhelle representert av advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1, datert 15.05.2023, er rettidig mottatt. Uttale til klage frå grunneigarar Liv Marit og Øyvind Hope, datert 15.05.2023, er rettidig mottatt den 16.05.2023.

Klagegrunnar og vurdering av klager

Det vert gitt oversikt over klagen med klagegrunnar frå fylkeskommunen, merknad frå Statsforvaltaren samt

merknad/uttale frå to grunneigarar samt kommunedirektøren sin vurdering av klagen frå fylkeskommunen.

Det overordna vurderingstemaet er kor inngripande planen er, der styrken av samfunnsinteressene vert målt opp mot grunneigars interesse. Dette beror på ein konkret heilskapleg vurdering.

Klagegrunnar

Klagen frå fylkeskommunen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«I vedtak KO-007/23 vert klager frå to grunneigarar delvis tekne til fylgje:

1. Kåre Olav Tykhelle, gnr.118 bnr.1:

Etter vedtaket skal det her leggjast inn eit føresegnsområde, med krav om tilrettelegging for over- eller undergang i samband med byggeplan, samt at tilkomstveg til 118/2 og 11 skal leggjast meir parallelt med fv.57, slik at ein unngår riving av garasje/uthus på 118/1.

Å tilretteleggja for under- eller overgang i dette området, er arealkrevjande. Etter N100 er det sett krav om at landbruksundergang skal ha fri høgd på 4,2 meter. I tillegg kjem overbygginga av vegen, toppstøyp på kulvert, tak, samt fundament på kulvert. Dvs at ein då må ned 5-6 meter under vegen. For å komme opp og ned til kulvert, må det byggast nye vegar i området, noko som vil føra til at ein større del av jordbruksarealet må nyttast til dette.

Bruk 118/1 har i vest tilgang til landbruksareal via avkøyrslar f_SV10. Aust for fv. 57 er det tilkomst til landbruksareal via veg f_SV7 og køyring på GS-veg. Det vil i samband med bygging kunne leggjast til rette for tilkomst frå gang- og sykkelvegen til landbruksareal.

I vegplanar er det alltid eit mål å sanera avkøyrslar, då det er eit faktum at di fleire avkøyrslar det er langs ein veg, di høgare er ulukkesrisikoen. Slik det er vist i planforslaget, vil eksisterande avkøyrslar til 118/2 og 118/11 verta stengt og samla i ny avkøyrslar, som også skal gå til 118/1. Utforming av denne nye avkøyrslar vil bli vesentleg betra ift eksisterande avkøyrslar til 118/1. Ny veg er utforma etter N100, og det vert stilt krav til både vertikal og horisontal geometri, slik at det skal vera tilstrekkeleg sikt både framover og bakover på vegen, samt i alle kryss og avkøyrslar.

Det har tidlegare i prosessen vore synfaring og dialog med eigarar av bruk 118/1 (12.11.2019), og med eigarar av bnr.2 og 3 i samband med ny vegløyning etter 1.gongs offentleg ettersyn i 2019. Ei endring i

avkøyrsla, samt tilrettelegging for undergang, vil også gå utover arealet på 118/2. Ved evt bygging av gang- og sykkelvegen, vil veglinja på fv.57 bli endra/flytta. Det kan verta trongt mellom fylkesvegen og fjøs/låve på 118/2, dersom ny tilkomstveg skal førast rundt og opp til 118/11. Ein må og ha plass til svingradius frå fylkesvegen og inn på tilkomstvegen, og ein må ta omsyn til sikt i avkøyrslene.

Areal merka med o_SGG4 i planforslaget, tvers ovanfor avkøyrsla til 118/1, viser areal tilrettelagt for kryssing av fylkesvegen, og gir direkte tilkomst til gang- og sykkelvegen for mjuke trafikantar.

Det vert generelt vist til føresegnene § 4.2.1, bokstav b), spesielt siste setning:

Mindre avvik ved samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, vil kunne skje som følgje av uventa tilhøve, som til dømes grunnforhold eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegformål kan fråvike frå det som kjem fram av planen. Det er tillate med innbyrdes justering mellom samferdselsformål i horisontal og vertikalgeometri.

Vestland fylkeskommune stiller også spørsmål ved bruken av føresegningsområde, då eventuell bygging av undergang vil gå ut over samferdsleformålet, og slik sett ikkje vera i samsvar med arealføremål LNFR (PBL § 12-5).

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gnr 126/7

Alver kommune har tatt klagen til følgje ved at reguleringsplanen ikkje skal gå lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet.

Utgangspunktet for reguleringsplanen er ein samanhengande gang- og sykkelveg mellom Lindås tettstad og Mongstad, som heng saman med reguleringsplan fv. 57. Austrheim grense- Mongstadkrysset, Planid. 2016002 (vedtatt av Austrheim kommune). Gang- og sykkelvegen er plassert på nordsida i begge planane, og treff kvarandre planmessig i kommunegrensa. Konsekvensen av Alver kommune sitt vedtak, er at denne samanhengen vert vekke. Dette vert og trekt fram av Statsforvaltaren i Vestland, og deira merknad til vedtaket, datert 18.04.23. Statsforvaltaren påpeikar og at kunnskapsgrunnlaget som vedtaket er basert på, er for dårleg, då endringane i planen kan endra vurderingane gjort i ROS-analysen.

Fylkeskommunen ynskjer å presisera at det er gjort nøye vurderingar av valt løysing for gang- og sykkelveg, i samsvar med krav til utforming av reguleringsplan for veganlegg. Blant anna er det vurdert

- landskapsbilete
- nærmiljø og friluftsliv
- kulturmiljø
- naturressursar
- val av side for gang- og sykkelveg (vedlegg 15 til reguleringsplanen).

Sidevalet for gang- og sykkelvegen er basert på trafikktryggleik (unngå skifte av side), samt at ein ynskjer å unngå konflikstar med store miljøverdiar (utfylling i Hopevatnet) og kraftlinjer. Målpunkt som bustadområde, skule, idrettsanlegg, friluftsområde, etc. er vurdert opp mot tilgjenge til gang- og sykkelvegen, og sida med flest målpunkt er vurdert som best og mest trafikksikker for gåande og syklande.

Føremålet med Alver kommune sitt vedtak, er slik Vestland fylkeskommune forstår det, basert på ynskje om å ta vare på jordbruksareal på 126/7. Me har forståing for dette. Me ynskjer difor å presisera at på store deler av strekninga langs 126/7, vert gang- og sykkelvegen liggande innafor fylkesvegen si eksisterande eigedomsgrense, altså på Vestland fylke sin eigedom, medan det er det som i planen er avsett som anna veggrunn – grøntareal, som går inn på 126/7. Annan veggrunn – grøntareal er areal fylkeskommunen ynskjer å eiga, men det er vanleg at det blir gjort avtalar mellom vegeigar og grunneigar om vidare bruk der det lar seg gjere. Me viser her til føresegnene § 4.2.2 a), sjå spesielt siste setning:

Innanfor områda o_SVG, f_SVG og SVG (plankart 1-14) vert det tillate naudsynte skjeringar, fyllingar, grøftar, voll med planting eller annan skjerming for innsyn, murar, kulvert, røyr, nettstasjonar og andre tekniske installasjonar. Areal skal dekkast til med jord og såast til. Innanfor føremålet kan areala nyttast som område for rigg og mellombels deponi i anleggsfasen. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad ivaretakast. Det kan leggast på massar for å slakke ut areal, slik at SVG kan nyttast som landbruksareal etter avtale med vegeigar (Vestland fylkeskommune).

Areal avsett til mellombels rigg- og anleggsområde er areal som ikkje skal eigast av fylkeskommunen, men tilbakeførast eller settast i stand i samsvar med føremål, jamfør føresegnene §6.1 c):

Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at ein delstrekning er opna, skal områda tilbakeførast eller settast i stand i samsvar med arealformålet. Areal til midlertidig bygge og anleggsområde er gyldig 10 år etter vedtak av detaljplanen. Dato for vedtak av plan er 07.04.2022. Ved ferdigstilling av veganlegg innan den tid skal det gjevast tilbakemelding om at midlertidig bygge- og anleggsområde kan fjernast frå plankartet.

Vestland fylkeskommune meiner at gjennom føresegnene som det er vist til ovanfor, samt føresegn § 4.2.1, bokstav b), kan store deler av arealet på 126/7 som inngår i reguleringsplanen, framleis driftast som jordbruksareal.

Oppsummering

Med grunngjeving i punkt 1 og 2 ovanfor, klagar Vestland fylkeskommune på Alver kommune sitt vedtak KO-007/23.

Reguleringsplanen for gang- og sykkelveg langs fv.57, Lindås tettstad-Mongstad, er ein godt gjennomarbeida plan. Plandokumenta som føreligg sikrar gjennomføring av intensjonen med planen; ein samanhengande gang- og sykkelveg mellom Lindås tettstad og Mongstad, med vidare tilknytning til reguleringsplan for gang- og sykkelveg, fv. 57. Austrheim grense-Mongstadkrysset.

Vedtak KO-007/23 vil føra til ein ny planprosess, med oppdatering av plandokument. Det er knytt usikkerheit til kor vidt Vestland fylkeskommune vil gå imot dei faglege vurderingar som er gjort i samband med planarbeidet. Truleg vil dette også føra til at byggestart vert utsett.

Føresegner og plankart, slik det føreligg, sikrarat ein kan gjera enkelte justeringar og tilpassingar ved utbygging, samt at det kan leggjast til rette for drift av jordbruksareal avsett til anna veggrunn.»

Det vert vist til klagen frå fylkeskommunen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

1. Merknad frå Statsforvaltaren er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Saka gjeld endring av reguleringsplan, etter klage på vedtak av Alver kommunestyre (KO), i sak 20/1203 med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om reguleringsplan (detaljplan) for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad. Alver kommunestyre gjer vedtak 23.02.2023, sak 007/23, om å endre reguleringsplanen på nokre punkt. Mellom anna skal reguleringsplanen ikkje gå lengre enn til innmarka på gnr. 126 bnr. 1.

Konsekvensen av dette vert at det ikkje vert ein samanhengande gang-, og sykkelveg mellom Lindås og Mongstad. Administrasjonen peiker på at eit manglande tilbod på det om lag 500 meter lange strekket kan skape trafikkfarlege situasjonar. Det står i vedtaket av kart, føresegn og planskildring må reviderast. Det står ikkje noko om at ROS-analysen skal oppdaterast og vurdere trafikktryggleik på ny.

Eksisterande ROS-analyse vurderer at dette er ein ulykkesutsett strekning, men at planen vil betre tilhøva for trafikantar. Endring av planen, med å ta vekk den samanhengande løysinga kan endre vurderingane i ROS-analysen. Vi meiner ROS-analysen må oppdaterast, og at resultata av denne må leggjast til grunn for vurdering av planendring. Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget er for dårleg til å vedta å endre reguleringsplanen slik at ein ikkje legg opp til ein heilskapleg gang og sykkelveg etter intensjonen for reguleringsplanen. Vekting av ikkje prissette verdiar, som landbruk og naturmangfald, kan også bli annleis om planen sin samfunnsnytte vert redusert.

Vi vurderer at vedtaket er uheldig for måloppnåing til reguleringsplanen, og at ny løysing kan føre til trafikkfarlege situasjonar.

Statsforvaltaren er sterkt kritisk til vedtaket, men har under tvil valt å ikkje klage. Vi legg til grunn at vedtaket vil føre til ein ny planprosess, og at ROS-analysen og andre relevante plandokument vert oppdatert. Vi vil tar stilling til endringane, når vi får eit oppdatert planforslag, med oppdatert ROS-analyse på høyring.»

Det vert vist til merknaden frå Statsforvaltaren i sin heilskap som følgjer vedlagt.

2. Merknad frå grunneigar Olav Kåre Tykhelle representert av advokatfirmaet Harris er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Klage frå Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen klager på at kommunestyret har vedteke å legge inn eit føresegningsområde, med krav om tilrettelegging for over- eller undergang i samband med byggeplan, samt at tilkomstveg til 118/2 og 11 skal leggjast meir parallelt med fv.57, slik at ein unngår riving av garasje/uthus på 118/1.

Statsforvaltaren i Vestland har i merknad datert 18.04.2022 vist til at kommunestyret sitt vedtak inneber at reguleringsplanen må reviderast, under dette at ROS-analysen må oppdaterast.

Når det gjeld krav om over- eller undergang så er dette kravet stilt etter innstilling frå Utval for areal, plan og miljø som har vore på synfaring langs planområdet og har sett at trafikktryggleiken på enkelte punkt langs vegstrekningen er for dårleg ivareteke.

Tykhelle har sidan planarbeidet starta vore kritisk til ROS-analysen som er utarbeida då han ikkje kan sjå at trafikktryggleiken på Tjukhetla har vore tilstrekkeleg vurdert. Han støtter dermed Statsforvaltaren i at

ROS-analysen må oppdaterast og trafikktryggleiken vurderast på nytt.

Vi finn igjen grunnlag for å vise til uttalelse frå Alver kommune v/landbruksavdelinga datert 22.08.2022. Landbruksavdelinga meiner at det i planarbeidet har teke for lite omsyn til landbruket i området. Dei skriv følgjande:

Gjeld gnr. 118, bnr. 1 Tjukhetla.

Ved gnr. 118, bnr. 1 er garden delt av fv 57 slik at driftssenteret (bygningar med meir) ligg på vestsida medan delar av jordbruksarealet og i all hovudsak all skog ligg på austsida av fylkesvegen. Til liksmed eigar av gnr. 126, bnr. 7, krev klagar at det vert bygd køyrbar undergang på fv 57. Vi støyr denne tanken om det teknisk let seg gjere å få til ein slik undergang alternativt overgang. Det må i så fall planleggjast slik at minst mogeleg jordbruksareal går med til dette.

Om det ikkje let seg gjere å få til ein slik under-/overgang, må dette grunnjevast betre enn kva som er tilfelle i dag. Det må i så fall planleggjast og kostast ein tilførselsveg til området aust for gnr. 118, bnr.1. Legg ein opp til at denne tilkomstvegen er for lang, vil det fort verte freistande å krysse vegen der det ikkje er tenkt. med dei trafikale ulempene med tanke på tryggleiken det vil medføre. Vi legg merke til at areala på austsida for dette bruket ikkje er omtala i planen. Dette er uheldig og vi ber om at ei slik omtale og kva konsekvensar det vil ha for desse areala, vert innarbeidd i planen og at planen vert vurdert ut i frå det.

Dei generelle merknadane nedanfor gjeld òg for klagar sitt bruk.

Og vidare om kryssingspunkt for landbruk langs fylkesvegen:

Generelt om kryssingspunkt for landbruk

Fleire av dagens kryssingspunkt er av tryggleiksmessige årsaker fjerna i planen. Dette leiår til meir eller mindre store ulemper for den daglege drifta på dei einskilde bruka. Det medfører òg auka trong til transport, noko som gjev auka utslepp og såleis ikkje er i tråd med dagens klimapolitikk.

Auke i avstand frå driftssenteret til dei ulike landbruksteigane og dei ulempene det fører med seg, kan over tid gje auka nedbygging i landbruksdrifta i området. **Sjølv om det medfører ein kostnadsauke, meiner vi det må oppretthaldast fleire kryssingspunkt der det i dag alt er slike kryssingspunkt.** Av omsyn til trafikktryggleiken bør fleire undergangar/overgangar takast inn i prosjektet. Der det ikkje er råd å finne akseptable løysingar, må areal som mistar ein «forsvarleg» tilkomst, men som elles ikkje er råka av prosjektet, erstattast fullt ut. Med forsvarleg meiner vi økonomisk forsvarleg, men òg med tanke på klima i form av auka lengde på transport.

Landbruksavdelinga er altså av den oppfatning at landbrukseigedomane langs planlagt vegstrekning vert skadelidande og at konsekvensane ikkje er tilstrekkeleg vurdert.

Vidare viser Fylkeskommunen i klaga til at det tidlegare i prosessen har vore synfaring og dialog med eigarar av bruk 118/1 (12.11.2019) og med eigarar av bnr. 2 og 3 i samband med ny vegløyising.

Tykhelle viser til at trafikktryggleiken ikkje vart diskutert under synfaringa. Representant for tiltakshavar viste berre til at endringar ville bli dyre og dermed ikkje aktuelle. Det var dermed ikkje rom for dialog.

Avslutning

For å få ei trafiksikker kryssing av fylkesvegen anmoder vi kommunestyret om å ikkje ta klage frå fylkeskommunen til følgje, men å kreve endring av plankartet ved gnr. 118 bnr. 1 slik at planfri kryssing og endra tilkomst til gbnr. 118/2 og 11 vert regulert.»

Det vert vist til merknaden frå grunneigar, Olav Kåre Tykhelle, i sin heilskap som følgjer vedlagt.

3. Uttale til klage frå grunneigarar Liv Marit og Øyvind Hope - gbnr 126/7 er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Administrasjonen hevder det ikkje vert eit lbod for gåande og syklande frå Hope |


kommunegrensa. Slik saka vart framlagt i utval for areal, plan og miljø og i Kommunestyret, vart det peika på at gang og sykkelveg skulle vidareførast på Litlåsvegen som går parallelt med fv 57. Denne vegen er godt egna for gåande og syklande og kan med enkle grep gjerast om til gang og sykkelveg med tilatelse for køyring til eigedomane. Det er her lettare å gå og sykle da det er lite endring i høgde gjennom traseen. Det er og her det bur folk på dette strekket, ikkje langs fylkesvegen. Gåande og syklande benytter allereie denne vegen i dag, også dei frå Keilen då den gamle vegen frå Keilekrysset til Litlåsvegen er intakt.

Litlåsvegen ligg på austsida av fv 57 og er derfor godt egna direkte tilknytta planlagt gang og sykkelveg frå sør og ender opp i Mongstadkrysset slik hensikta med planen er.

Det blir peika på at det er nødvendig med utfylling i Hopevatnet dersom fv 57 eller gang og sykkelvegen vert flytta mot vest. Dette har me bede om forklaring på i møte med både Statens Vegvesen og fylket,

men ikkje fått svar.

Når det gjeld arealbruk er dette beskrive i vedlagt snitt



Det blir i klage frå VFK vist til at det vil bli gjort tilpassingar og eventuelt tilbakeføring av areal i anleggsfasen. Me har bede vegeigar konkretisere dette gjeldane vårt bruk i planfasen utan at dette er svart ut.

For å ikkje måtte gjenta alt me har sendt inn før på nytt, legg me inn her klage frå oss datert 22.03.2018 og 10.05.2022.»

Det vert vist til uttalen, frå grunneigar, Liv Marit og Øyvind Hope, i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Kommunedirektøren viser til vurdering gjeve i saksframlegg av 07.01.2023 til klager frå gbnr 118/1 og gbnr 126/7 på vedtak med saksnr. 038/22 datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad og legg denne til grunn, sjå vedlegg med tittelen «Sakshistorikk, føremål og tidlegare vurdering».

Vurdering i klageomgangen

Kommunedirektøren er einig med Vestland fylkeskommune sitt ståstad, der vi må tilbake til vedtaket frå kommunestyret (KO) av 07.04.2022 og tilhøyrande plandokument.

Slik fylkeskommunen vektlegg, så vil vedtaket av 07.04.2022 sikre «gjennomføring av intensjonen med planen; ein samanhengande gang- og sykkelveg mellom Lindås tettstad og Mongstad, med vidare tilknytning til reguleringsplan for gang- og sykkelveg, fv. 57. Austrheim grense-Mongstadkrysset.» Vidare kan det også gjerast «enkelte justeringar og tilpassingar ved utbygging, samt at det kan leggjast til rette for drift av jordbruksareal

avsett til anna veggrunn.».

Derimot vil vedtaket av 23.02.2023 føre til at det ikkje vert ein samanhengande gang- og sykkelveg mellom Lindås tettstad og Mongstad i Alver kommune og Austrheim kommune. Konsekvensen er trafikkfarlege situasjonar, særleg for mjuke trafikantar. Planen sin gjennomføringsevne i tråd med sitt føremål, som er å betre trafikktryggleiken, vert dermed borte.

I tillegg er det krav til full ny planprosess med oppdatering av plandokument. Dette er tidkrevjande og medfører stor usikkerheit rundt oppstart av en sterkt ønska plan fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad.

Det er klart at styrken av samfunnsinteressene får forrang målt opp mot grunneigars interesse.

Klagen, frå Vestland fylkeskommune på vedtak av Alver kommunestyre (KO) om endra detaljreguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad med saknr. 007/23, datert 23.02.2023, vert teke til følgje.

Nytt vedtak i saka får likelydande ordlyd som vedtak av Alver kommunestyre (KO) med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, og lyder:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen vert tatt til følgje.

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjstatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjstatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg i saken:

08.12.2022	Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad	1788327
24.02.2023	Klagesak på reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad	1861911
09.01.2023	Vedlegg 1 - Planskildring	1861912
09.01.2023	Vedlegg 2 - Føresegner	1861913
09.01.2023	Vedlegg 3 - Plankart 1-14	1861914
07.01.2023	Vedlegg 4 - Støyrapport	1861915
09.01.2023	Vedlegg 5 - Fagrapport - Naturmiljø	1861916
07.01.2023	Vedlegg 6 - Fagrapport Økosystem i ferskvatn	1861917
07.01.2023	Vedlegg 7 - Fagrapport Marinkartlegging	1861918
07.01.2023	Vedlegg 8 - Fagrapport Naturressursar	1861919
07.01.2023	Vedlegg 9 - Fagrapport Kulturminner og kulturmiljø	1861920
07.01.2023	Vedlegg 10 - Rapport - Nærmiljø og friluftsliv	1861921
07.01.2023	Vedlegg 11 - Geoteknisk rapport Statens vegvesen	1861922
07.01.2023	Vedlegg 12 - Ingeniørgeologisk rapport	1861923
07.01.2023	Vedlegg 13 - Rigg og marksikringsplan	1861924
07.01.2023	Vedlegg 14 - Faseplaner	1861925
07.01.2023	Vedlegg 15 - Notat - Sidevurdering Gang- og sykkelveg	1861926
07.01.2023	Vedlegg 16 - Notat innspill byggeplanfasen	1861927

07.01.2023	Vedlegg 17 - Støysonekart	1861928
07.01.2023	vedlegg 18 - Plan og profildeikningar	1861929
07.01.2023	Vedlegg 19 - Profildeikningar	1861930
07.01.2023	Vedlegg 20 - Normalprofil	1861931
07.01.2023	Vedlegg 21 - Landskapsplan	1861932
09.01.2023	Vedlegg 22 - VA plan	1861933
09.01.2023	Vedlegg 23 - Samlefil innkomne merknader 2.gongs offentleg ettersyn	1861934
07.01.2023	Vedlegg 24 - Merknadsskjema og endringsskjema - 2 gongs offentleg ettersyn 20.08.2021	1861935
09.01.2023	Vedlegg 25 - Merknader vurdert	1861936
09.01.2023	Vedlegg 25 - VA rammeplan	1861937
09.01.2023	Vedlegg 25 - Vurdering av merknader etter 2. gongshøyring	1861938
07.01.2023	Vedlegg 26 - ROS-analyse	1861939
07.01.2023	Vedlegg 27 - Presentasjonsmodell	1861940
07.01.2023	Vedlegg 28 - Begrunning for linjeforing ved Hellestveit	1861941
09.01.2023	Vedlegg 29 - Vurdering av merknader etter 2. gongshøyring	1861942
07.01.2023	Vedlegg 30 - Saksframlegg 1. gongshandsaming	1861943
07.01.2023	Vedlegg 31 - Saksframlegg, 2. gongshandsaming	1861944
07.01.2023	Vedlegg 32 - Saksframlegg 3. gongshandsaming - vedtak av plan	1861945
07.01.2023	Vedlegg 33 - Klage frå gbnr 118-1	1861946
07.01.2023	Vedlegg 34 - Klage frå gbnr 126-7	1861947
09.01.2023	Vedlegg 35 - Reguleringsplankart_fv. 57 Austrheim	1861948
07.01.2023	Vedlegg 36 - Uttale frå landbruksavdeling til klagen	1861949
07.01.2023	Vedlegg 37 - Fylkeskommunens svar på klage	1861950
16.05.2023	Uttale til klage frå Vestland fylkeskommune - Endra reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad	1928778
15.05.2023	Merknad til klage	1927728
03.05.2023	Klage frå Vestland fylkeskommune - Endra reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad	1921306
19.04.2023	Merknad frå Statsforvaltaren i Vestland - Endra reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad	1913155
30.05.2023	Sakshistorikk, føremål og tidlegare vurdering	1931970